



Helge Arvid Træland
Stølsvegen 113 E
5262 ARNATVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1443 - 17/21342

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.07.2017

Førerels svar - trøng for tilleggsdokumentasjon gbnr 89/6 Haugsmyra

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.05.17. Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til etablering av flytebrygge, fastbrygge, sjøbu og landgang.

Grunna stor saksmengde har vi ikkje hatt høve til å gjennomgå søknaden dykkar tidlegare, vi seier oss leie for dette.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplan for Lygra, Lindåsosane og Lurefjorden (KDP) avsett til bygg og anlegg – naust. Dei omsøkte tiltaka er plassert i strid med byggegrense langs sjø sett på gjeldande plankart.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense langs sjø og frå KDP. Vi forstår søknad om dispensasjon til å omhandle byggefobodet langs sjø (plan- og bygningslova § 1-8) og plankravet i KDP § 1.1. Tiltaket krev 2 dispensasjonsvurderinger.

Nabovarsel

Søknad er levert inn før merknadsfrist for varsle naboar er gått ut. Vi ber om at de melder attende om det er komt merknadar til varsle tiltak.

Ved gjennomgang av nabovarsling vel vi å krevje varsling av følgjande eigedomar, i tillegg til allereie varsle partar:

Gnr:	Bnr.:
89	1
89	10
89	18
89	20
89	35

Krav om utvida varsling er heimla i plan- og bygningslova § 21-3, de kan nytte vedlagd nabolist.



Teikningsmateriell

Kvalitet på motteke teikningar er ikkje tilfredsstilande til å handsame sjølve søknaden om løyve til tiltak. For dispensasjonsvurderinga er desse tilstrekkeleg, men vi har ikkje fått opplyst mål på landgang. Det er heller ikkje lagt ved teikningar som syner omsøkt sjøbu, fasade-, plan- og snittteikningar. Vi manglar og teikninat på front «fast brygge». Det manglar teikningar/opplysningar om landgang. Innsendt situasjonsplan er ikkje påført mål og er ikkje i målestokk.

Ut i frå motteke teikningsmateriell er det berre dispensasjonssøknaden som kan vurderast, når det er gjennomført nabovarsling i samsvar med plan- og bygningslova.

Handsaming

Vi viser til søknad om frådeling av eigedom levert inn 09.05.17 arkivsak 17/1442. Det vert sendt eige brev i høve søknad om frådeling.

Vi ber om at de gjer greie for korleis de ønsker at kommunen skal handsama søknadane dykkar. Skal søknad om frådeling handsamast før søknad om løyve til tiltak?

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at de gjer greie for i kva rekkefølgje de ønsker at søknadane dykkar skal handsamast.
2. Søknad er levert inn før frist for å komme med merknadar til tiltaket er gått ut, vi ber om at de melder attede på om det er komt merknadar til varsle tiltak.
3. Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla, vi legg ved naboliste som de kan nytte.
4. Vi gjer merksam på at etablering av brygge m.m i sjø, krev eige vedtak etter hamne- og farvasslova. Bergen og omland havnevesen er dei som handsamar søknadar her, for meir informasjon sjå www.bergenhavn.no.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert å rekne som komplett før tiltaket er tilstrekkeleg nabovarsla og det ligg føre fagmessig utførte teikningar. Slik søknaden ligg føre der den ikkje tilstrekkeleg opplyst til av kommunen kan ta stilling til den.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

nabo og gjenboliste gbnr 89_6

Kopi til:

Helge Arvid Træland	Stølsvegen 113 E	5262	ARNATVEIT
---------------------	------------------	------	-----------

Mottakarar:

Helge Arvid Træland	Stølsvegen 113 E	5262	ARNATVEIT
---------------------	------------------	------	-----------